



Kultur- og likestillingsdepartementet

Dykkar referanse: 22/1831

Vår referanse: 2022/9-86

Dato: 06.09.2022

Publikasjonsnr.: NIM-B-2022-019

Innspel til regjeringa sin handlingsplan for lhbt+

1. Innleiing

Me viser til regjeringa sin invitasjon til innspelsmøte om ny handlingsplan for lhbt+ av 15. juli 2022, der det også vert gitt høve til å gi skriftlege innspel til den nye handlingsplanen.

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) har som hovudoppgåve å fremje og verne menneskerettane i tråd med Grunnlova, menneskerettslova og lovgjevinga elles, internasjonale traktatar og folkeretten elles. Som ledd i dette har NIM som oppgåve å gi råd til Stortinget, regjeringa og andre myndigheitsorgan i spørsmål som gjeld menneskerettane. NIM uttalar seg i utgangspunktet ikkje i nokon særleg grad om hensiktsmessigheita eller prioriteringa av verkemiddel for å ivareta dei menneskerettslege pliktene til staten.

I innspelsinvitasjonen er det gitt høve til å kome med innspel til mandatet for handlingsplanen, behov og utfordringar for personar med kjønnsinkongruens, og behov og utfordringar i kjølvatnet av åtaket i Oslo 25. juni 2022.

Me vil i dette innspelet i hovudsak fokusere på utfordringar og behov for personar med kjønnsinkongruens, heretter omtalt som transpersonar. At me ikkje i denne runda gir innspel til dei andre temaa tyder ikkje at me ikkje ser på desse som viktige.

Dette innspelet gir heller ikkje ei uttømande oversikt over menneskerettslege spørsmål og utfordringar for transpersonar, ei heller ei uttømande oversikt over spørsmål og utfordringar for skeive elles. Fleire av innspela vil kunne overlappet eller ha overføringsverdi til menneskerettslege utfordringar som ikkje berre rårkar transpersonar, men som andre skeive også opplev.

I denne omgangen vil me løfte fram tre utfordringar:

- Vald og overgrep mot transpersonar
- Hets, trakassering og hatefulle ytringar retta mot transpersonar
- Helsetilbodet for transpersonar

2. Vald og overgrep mot transpersonar

Levekårsundersøkinga «Seksuell orientering, kjønns mangfold og levekår» viste at transpersonar er ei særleg utsett gruppe for overgrep og vald. Undersøkinga viste mellom anna at om lag ein av tre transpersonar oppgav å ha blitt utsett for seksuelle overgrep.¹ Vidare viste undersøkinga at om lag ein av fire transpersonar har fått direkte trugsmål om vald.² Over tretti prosent rapporterte å ha forsøkt å ta livet sitt.³

Staten har ei menneskerettsleg plikt til å førebyggje, avverje, etterforske og straffeforfølgje vald og overgrep. Desse pliktene følgjer av fleire menneskerettskonvensjonar som Noreg er bunden av. Blant dei er Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK), FNs kvinnekonvensjon, FNs barnekonvensjon, og Europarådets konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar. Vald og overgrep mot transpersonar utgjør eit menneskerettsleg problem, som staten er forplikta til å førebyggje og nedkjempe. Staten si plikt til å sikre menneskerettane er særleg sterk overfor utsette grupper, som mellom anna inkluderer transpersonar.⁴

NIM meiner at den komande handlingsplanen bør innehalde tiltak for å førebygge og hindre vald og overgrep mot transpersonar, og for å styrke etterforsking og straffeforfølgjing. Vidare meiner NIM det er viktig at planen inneheld tiltak for å sikre at politiet og hjelpe-tenestene for vald- og overgrepsutsette har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om transpersonar og deira rettar og behov.

3. Hets, trakassering og hatefulle ytringar

Levekårsundersøkinga frå 2021 viste at om lag 50 prosent av transpersonar hadde opplevd trakassering på arbeidsplassen eller studiestaden. Om lag tre av 10 rapporterte å ha opplevd negative kommentarar.⁵ Tidlegare forskning viser at lhbt-personar er meir utsette for hets og hatefulle og nedsettande ytringar enn befolkinga elles.⁶

Den 1. januar trådde ei rekkje endringar i straffelova i kraft. Ei av endringane var at «kjønnsidentitet» og «kjønnsuttrykk» vart tekne inn som eigne verna diskrimineringsgrunnlag i straffelova. I praksis inneberer dette mellom anna at transpersonar har fått eit eksplisitt vern mot hatefulle ytringar og andre formar for hatkriminalitet, på lik linje

¹ Anderssen, N. m.fl., «Seksuell orientering, kjønns mangfold og levekår. Resultater fraspørreundersøkelsen 2020 (2021, Oslo: Bufdir. Rapporten er [tilgjengeleg her](#).

² *Ibid.*

³ *Ibid.*

⁴ Sjå til dømes den forklarande rapporten til Istanbulkonvensjonen, der transpersonar er nemnt som ei gruppe som er rekna som «vulnerable persons», jf. avsn. 87 og 314.

⁵ Anderssen, N. m.fl.

⁶ Sjå mellom anna Fladmoe, A., Nadim, M. og Birkvad, S., «Erfaringer med hatytringar og hets blant LHBT-personer, andre minoritetsgrupper og den øvrige befolkningen» (2019, Oslo: ISF)

som mellom anna homofile, personar med funksjonsnedsetjingar, og etniske og religiøse minoritetar.⁷

Staten har ei menneskerettsleg plikt til å førebyggje hets, trakassering og hatefulle ytringar. Denne følgjer mellom anna av EMK artikkel 8.⁸ NIM meiner innlemminga av kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk i straffelova sine føresegner om hatkriminalitet, inkludert hatefulle ytringar, var eit viktig ledd i oppfylginga av denne plikta.

NIM har samstundes i fleire samanhengar uttalt at lovendingar, inkludert strafferegulering, ikkje må kome i staden for iverksetjing av andre tiltak for å oppfylle staten sine menneskerettslege plikter.⁹ NIM meiner at den nye handlingsplanen bør innehalde tiltak for å sikre at det finns tilstrekkeleg kunnskap, kompetanse og ressursar i politidistrikta, slik at vernet mot hatefulle ytringar og annan hatkriminalitet på grunn av kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk vert effektivt.

4. Helsetilbod

I norsk rett er kjønnsbekreftande behandling er rekna som naudsynt helsehjelp etter pasient- og brukarrettighetslova §§ 2-1a og 2-1b.

Etter FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) artikkel 12 har ein kvar person rett til den høgste oppnåelege helsestandarden. Det inneberer at staten har plikt til å tilby helse- og omsorgstenester for å sikre retten til helse. Retten til helse omfattar både den psykiske og fysiske helsa. Innanfor retten til helse ligg det også ein rett til forsvarleg helsehjelp og helsehjelp i rett tid.¹⁰ Vidare forbyr ØSK artikkel 2 (2) diskriminering i utøvinga av rettane nedfelt i konvensjonen. ØSK-komiteen har uttalt at forbodet mot diskriminering på grunn av «other status», omfattar diskriminering på grunn av kjønnsidentitet.¹¹

Retten til helse er nært knytt til andre menneskerettar, som retten til privatliv. Ein person sin kjønnsidentitet er del av retten til privatliv etter EMK artikkel 8.¹² Kjønnsbekreftande helsehjelp kan hjelpe individ med å leve eit liv i samsvar med eigen kjønnsidentitet og til å bli anerkjent av omgjevnadane som tilhøyrande den

⁷ Trakassering på grunn av kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk var frå før forbode etter likestillings- og diskrimineringslova § 13 jf. 6.

⁸ Sjå mellom anna Den Europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) si avgjerd i *Beizaras og Levickas mot Litauen* (41288/15).

⁹ Sjå mellom anna NIMs høyringsvar til forslag til regulering av konverteringsterapi, [tilgjengeleg her](#).

¹⁰ Sjå nærare om kjønnsidentitet og retten til helse i NIMs årsmelding frå 2018 s. 82-83, [tilgjengeleg her](#).

¹¹ Sjå mellom anna ØSK-komiteens generelle kommentar nr. 14 (2000) avsn. 30 og ØSK-komiteens generelle kommentar nr. 20 (2009) avsn. 32.

¹² Sjå mellom anna EMDs avgjerd i *van Kück mot Tyskland* (35968/97).

kjønnsidentiteten ein har. Tilgang på kjønnsbekreftande behandling rører på den måten den einskilde sitt privatliv.¹³

Som NIM løfta fram i årsmeldinga vår frå 2018 har det over ei periode på fleire år vore uro rundt helsetilbodet til transpersonar i Noreg. Me uttrykte at me var bekymra for at transpersonar sin rett til helse ikkje vart ivareteken fullt ut under dagens praksis. NIM kan ikkje sjå at dagens situasjon er merkbart annleis. NIM gjentek vår bekymring for at transpersonar sin rett til helse ikkje fullt ut realisert med dagens ordning, og meiner at handlingsplanen bør innehalde tiltak for å styrke helsetilbodet.

5. Avslutning

Samla sett meiner NIM det eksisterer fleire menneskerettslege utfordringar for transpersonar, som den nye handlingsplanen bør adressere. Som nemnt gir ikkje dette innspelet ei uttømande liste. NIM stiller seg elles til disposisjon for ytterlegare innspel og utdjujingar undervegs i arbeidet med den nye handlingsplanen.

Gro Nystuen

Fungerande direktør

Mina Haugen

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har dermed ingen signatur.

¹³ I tilknytning til EMK har åtgangen til kjønnsbekreftande behandling hittil primært blitt adressert av Europarådets menneskerettskommisær, parlamentarikarforsamlinga og ministerkomiteen Sjå til dømes CM/ Rec. (2010) 5 avsn. 35.